

# Ein gamal ishavsfarar.

*Av Halldor O. Opedal.*

I siste halvti av det 19. hundre-året steig det fram mange dugande sjømenn i Hardanger. Det heng vel ihop med at skipsferdsla då spela så stor ei rolle for bygdene her. Ein av dei aller frømste var tvillaust Per Kvale. Givnaden hans nógde seg ikkje med dei vanlege ferdene mellom Lofoten og Bergen eller mellom Finnmark og Bergen. Han krov større førelogor. Me finn honom både på Svalbard og Novaja Semlja, og gjetordet om honom var så stort at Adolf Nordenskiöld vilde ha honom med til islös på »Vega«-ekspedisjonen i 1878—79. Han er difor vél verd å verta kjend mellom sambygdingane sine — ja vidare med. Soga hans er og så forvitneleg at ho har sitt verd i seg sjølv.

Birge Børve helsa på honom i 1901. Det var ein høg og røseleg kar, sa han, sterkvaksen og strak som eit ljøs, endå han då var langt opp i åri. Han hadde ljost andlet, kransa av mørkt skjegg. Andletsdragi var rolege og faste, augo sterke og gløgge. Når ein skoda på honom, laut ein tru at denne mannen fælte ikkje for nokon fare, anten på sjø eller land. Og så var det. — Dei sat og ralla nokre Grimo-karar ein kveld. Så sa Nils: »Du ha vel vo ute i mang ain ha'ru dyst i Isha've?« »Aa ja«, svara Per, »men eg ha aldri vo redd'u«. Ein må koma i hug dei ordi som ein annan sjømann, Svend Foyn, sa ein gong: »Jeg har aldri kjent frykt i mitt liv«. Per svipa på Foyn såleis og, at han var ingen storgøysar. Han tala heller lite enn mykje om ferdene sine. Men spurde ein honom, fekk ein jamt greie svar. Han var elles godsleg og gjedsleg, ofte småløyen, ein likande kar å vera ihop med og ein god ven. Han var kje vand å beda når han var så laga

at han kunne gjera ei teneste. Hadde han pengar, lånte han gjerne bort til Per og Pål, og mykje fekk han aldri att. — Han var og ein fånøyten og smålåten mann. Seint ein kveld kom han roande til Børve i Kvam i ein færingsbåt, hadde vore med i brislingfiske i Sunnhordland. Han la seg då i det kalde nauset, for han ville kje uroa skyldfolki sine på garden. Men skal karakteristikken verta heilsleg, lyt ein og leggja til at han kunne vera tung på labben om einkvan gjorde honom urett eller la meinsperor i vegen hans.

Per Kvale var fødd på Aarekol i Kinsarvik i 1822 og var den sjuande av ni sysken. Faren var Per Arnfinnsson Aarekol og mori Mari Sjurdsdotter Alsåker. Det var sjøen som spela i hugen hans alt frå barneåri, og han tok tidleg til å reisa på Nordland. Han kunne vera borte år etter år; det var lite dei såg til honom heime. At han gifte seg då han var 44 år gamal (1866), kom ikkje til å gjera noko ombroyte på høvet hans til sjøen. Kona si fekk han or Kvam, Brita Trondsdotter Tveit, ei ekkje. Ho hadde før vore gift med Sjurd Torpe i Kvam, ein Nordlands-skipper. Då Sjurd og Brita hadde vore gifte i seks år, døydde Sjurd. Dei hadde visst berre ei dotter ihop (Berta)\*. Brita hadde vore ekkje ei tri-fire år då Per fekk henne. Dei budde eit bel i Romsdalen. Brita hadde to brør der; den eine åtte jordveg. I 1868 flytte han til Tromsøy. Der budde huslyden i leigde hus i fem år. Då flytte kona til Grimo (1873). Per og Brita åtte tri born ihop, ei gjente og to gutar. To av desse borni var daudfødde. Det tredje, ein gut, levde til han var to år gamal\*\*).

**På Svalbard.** Per gjorde mange ferder til Svalbard. Han la seg helst etter kvitfisk og kobbe og kvitbjørn og rev. Han stengde sundi med nøter. Av kvitfisken nytta han hudi og spekket. Hudi var overlag seig, og vart brukta til lér. Spekket pakka han i tunnor og selde til tranbrenneverk i Tromsøy.

---

\*) Gift med treskjerar Sjurd Børve i Kvam.

\*\*\*) Aam. Bu misfer seg når han seier at han berre hadde to born (Ættarbok for Kinsarvik).

På Svalbard vart Per ute for ymist. Ein gong gjekk han i skipsbåten og rodde på land, ville gjera ei ferd etter reinen. Vel han var i land komen, rauk det opp med storstorm, og jakti laut stinga til havs. Ho vart borte i fire døger. I denne tidi laut Per matberga seg sjølv. Han skaut ein kvitbjørn og åt bjørnekjöt, for han åtte ikkje eldføre. Ein mann spurde honom kor han lika det. »Da va søtt«, sa han. Den venda trudde han at han hadde mått vera vinteren over på Svalbard.

Ein annan gong låg han eismal i ei gamal hytte og fanga på laks. Mannskapet hans var på selveide. Per hadde garn, og han gjorde god fengd, for det var mykje laks på Svalbard. Han slögde og salta, og kasta slo og hovud i ein haug ein mole frå hytta. Då vart han så ille plaga av rev. Ein dag kom det jamvel ein rev dettande ned i hytta åt honom — gjennom taket. Den dagen let Per garni stå. I staden tok han i ferd med å laga bur åt den nye felagen; heile dagen heldt han på med dette. Reven fylgde honom sidan heim til Noreg.

Ein stad kom han over leivor etter ei russe-hytte. Han fann og ei gamal not som russiske fangstmenn skulle ha late etter seg. Ein gong fann han leivor etter ein Svalbard-ekspedisjon i Advent Bay, fortel dei. Ein mann frå Hammerfest var føre honom, og han hadde rana dei daude. Det skulle vera atten mann. Ein daud finne kom han over med steikjepanna i handi. Per melde Hammerfest-mannen for ranet hans.

Den økonomiske vinningi av Svalbard-ferdene åt Per var visst ikkje så stor. Meir vog kan henda det at dei gav utløysing for utferdshugen hans. — Per og Bryngjell Ofsanger, frå Haugesundskanten, gjekk ihop om ei Svalbard-ferd, sku fanga kvitfisk. Per kom fyrst fram, og då var der kvitfisk i mengd. Men Per kunne inkjevetta gjera, for Bryngjell hadde nøtene. Då han endeleg kom fram, var fisken faren, og det vart liti og ingi fengd.

Eit år fekk Per brørne Arne T. Tveit og Ola T. Tveit til å gå ihop med honom om utreislone. Det vart liti fengd, og dei tapte 12000 dalar, sa Ola. Per kom visst aldri retteleg over dette nederlaget. Han laut gå over til

småfengd, laks og dun og egg. Dei store ekspedisjonane vart honom for dyre.

Dei som etter kom, hausta der han hadde sått. Tromsøy-væringar sa sidan ofte at dei stod i skuld til Per; han opna leii. Folk som Per hadde lært opp, slo stort på og tente seg rike. Mellom dei var Morten Ingebriktsen frå Malangen.

Per tok honom med på dei fyrste ferdene, endå han var både skiten og lusut. Arne T. Tveit hjelpte honom til plass, for han var gift med syster åt Morten. Den unge Malangen-guten arbeidde seg opp til dugande skyttar. Då slutta han hjå Per og gjekk ihop med konsul Aagård i Tromsøy. Sidan reiste han heilt for eigi rekning. Morten vart millionær, og gifte seg med frøken Hai, syster åt kontorsjef Hai. Ho var ung og livsglad, og Morten laut gå på danseskule, endå han var over dei femti.

Kva tid Per gjorde den fyrste ferdi til Svalbard, kan ein vel ikkje seia så visst på året. Styggdotter hans, fru Berta Børve, set tidi til ikring 1860. Fyrst to-tri år etter var det i så fall at Elling Carlsen og Sivert Tobiesen siglde rundt øyane (1863). — Elles var nok Svalbard kjent frå før. Dei gamle islendske årbøkene fortel at nordmenn fann øyane i 1194. »Landnámabok« nemner og om styrelei og siglelengd frå Langanes på Island. Sidan gjekk øyane i gløyme, til hollendaren Willem Barents kom over dei å nyo (1596). Nordmenn og engelskmenn og hollendarar fanga no kval der oppe. Ikring 1715 tok russarar til å lig-gja der om vintro etter sel og rein og rev og kvitbjørn. Eit bel føre 1800 byrja nordmennene med det same. Rus-sarane drog seg bort frå Svalbard ikring 1850. Sidan vart nordmennene eismale om å nytta ut veidn og fisk. Per Kvale fann (som nemnt lenger oppe) leivor etter dei rus-siske fangsmenn.

**På Novaja Semlja.** Men Per vitja andre Nordhavsøyar og. Alt i 1864 drog han og Anders Dysvik til Novaja Semlja og vidde kobbe og fanga kvitfisk. Dei hadde store farty, bæe. Dei kom full-lasta attende og selde fengdi i Tromsøy. Sidan kjøpte dei salt og tunnor og siglde inn i Gryllefjord etter feitsild. Nyårsaftan kom dei til Bergen med lastene. Han som fortel dette, helsa på dei på dekk nyårsdagsmor-

gonen (1865). Det var staute karar, sa han. Ingen harding hadde før vore til Novaja Semlja, det folk visste. Det gjekk gjetord av desse to sjømennene.

Frå 1868 til 1873 var Per på Novaja Semlja kvar sumar. Han drog av stad i mai månad og kom attende sist i august. Jamleg gjekk kjøpmenn i Tromsøy ihop med honom om utreislone. I Tromsøy vende han fengdi og. Om hausto gjorde han oftast ei ferd til Bergen med silde-laster. Sume vil ha det til at han låg nokre vintrar på Novaja Semlja, han og Per Bryngjolvsson Roi (Utne). Det må i så fall ha vore føre (truleg ikkje etter) ovan-nemde femårsbolck.

Per kom ut for ymist på Novaja Semlja-ferdene og. — Til mannskap bruka han mykje kvæner. Eit år høvde det så at om lag heile mannskapet var kvæn. Berre to atten-års gutar var nordmenn, Trond Rykkje og Sjurd Tveit, omframt Per sjølv. Han hadde vitra mannskapet om at han kom til å reisa frå Tromsøy andre kvitsundag. Kvænene ville heller leika seg i Tromsøy eit bel til, dei, og hadde vorte samstelte om at dei skulle dra på land. Ei gjente som skjøna kvænsk, lydde seg til kva dei hadde i etle, og ho fortalde det åt Per. Andre kvitsundagsmorgen, før dei var oppe, stod så Per til havs. Dei vart då ille, og lova seg sjøelve at han skulle ha det att, fyrst dei kom til Novaja Semlja. Og det fekk han og. Dei freista då å setja opp. Går då Per inn i flokken og slær ned før-raren deira og bind honom til mastri. Alle står som nom-ne, og ingen våga lyfta ein fing mot Per. Sidan tala han vitug med dei og fekk dei til å tola seg.

På øyane kom og Per opp i ymse farar. — Ein dag fekk han auga på ein kvitbjørn-unge. »Du mao kje gje-ra hono nuku, fy mo'ræ æ kje langt undao, æ eg redd'u tao«, sa Per med felagen sin. Men han la til og skaut. I same bluncken kjem mori, ei diger binne, rennande. Ho flyg beint på Per, og det vert eit heilt basketak. Binna hogg og glefser, og Per slær frå seg med børsekolben. Brått er det liksom ho fell i tankar, og går bort til ungen og luktar på honom. Ho skjønar snart at han er daud, og set så i Per andre venda. Han har no fått ladt børsa, og då binna har bete over pipa, brenner han av.

Eirik Neteland frå Kvam var med Per til Novaja Semlja, og han fortalde: »Ein gong var me ikring på øyane og leita etter egg og dun. Me fann mange tunnør med egg og mykje dun. Me kom over store flokkar med grågås og. Ho var blodberr under vengene, og det tedde blodflekke på snøen. Det kom av at ho hadde flogt så langt. Me fekk auga på mykje rein og. Det var vandalaust å skyta han, og me la ned mange dyr. Me totte det var underleg at han kunne leva der, for alle stader låg telen djupt i jordi. Når me var på veg åt skipet med kjøtbyrder, kom det ofte rev og åt av byrdene våre med me sat og kvilde. Der var ei old både med kvitrev og blårev. Mykje kvitbjørn vart me vise med og.«

På Novaja Semlja var og Per tidleg ute, visst ein av dei fyrste norske veidemenn som sette foten sin på øyane. Elling Carlsen gjorde ei ferd dit i 1868, og kaptein Johannesen siglde rundt øyane i 1870. (Den fyrste som siglde ikring Novaja Semlja, var Savva Loshkin, 1770). Vinteren 1873 sette ishavsfararen Sivert Tobiesen og sonen hans til der oppe. (Nordenskiöld drog seg nytte av røynslene åt dei norske veidemenn då han førebudde polarferdene sine).

Per Kvale var ikkje berre veidemann; han var noko av ein vitskapsmann og. I minsto hadde han ein uslukkjeleg granskarhug. Både frå Svalbard og frå Novaja Semlja samla han plantar og dyr og la i sprit og sende til Bergens Museum. Ein gong kom han med ein kvalross, som Museet let stoppa ut. Dei heidra honom med ei bronsemedalje og ei bok. I Grimo hadde han ei samling av vokstrar o. a. frå Ishavsferdene sine. — Torskestimane hadde han slik ans for. Tidt skoda han nedi sjøen med kikar kor fisken gjekk. Stimane kunne stå plent som ein husvegg, sa han. Best det var, kunne ein og annan stinga hovudi ut or veggen og symja føre. Det var førarane. Då losna heile skreda.

**Per Kvale og Nordenskiöld.** Dei vart kjende på Svalbard. Per bad Nordenskiöld »heim« på kaffi og laks. Per gjorde og ymse rettleiingar for honom og gav honom ymse opplysningar. Sidan kom dei frå kvarandre. — Kva tid dei møttest, er vandt å vita. Ein kjenner til at Nor-

denskiöld var med i Torells Svalbard-ferder i 1858 og 1861. Han var og på Svalbard i 1864 og 1868. I eit av desse åri må det då ha vore, truleg i 1858 eller 1861.

I den tidi Nordenskiöld førebudde den vidgjetne ferdi si som enda med at han fann nordaustpassasjen, lyste han i bladi etter Per; han ville ha han med til isles på »Vega«. Då han drog framom Tromsøy (sumaren 1878), spurde han etter Per der. Folk kunne då fortelja at Per tri dagar før hadde reist til Aust-Finnmark. Så laut Nordenskiöld gjeva seg på det. Han leigde ein Haugen i staden. Haugen skulle vera heller strid til å drikka, men ein dugande sjømann. — Det var kje mykje som trega Per meir enn at han ikkje skulle verta med på »Vega«-ferdi, ja det gnog honom. Det var no og ei føreløge som hadde høvt godt med givnaden hans. Endå han såg det frå ein annan kant og, han. »Eg hadde vo framfodd'u, eg, dao«, sa han.

Dei siste åri han låg ute, dreiv han heller smått. I 1881 reiste han ikring i fiskeværi i Lofoten med ein Listerbåt og kjøpte opp fiskehovud åt ein engelsk guanofabrikk som låg på Brettesnes, litt aust for Skrova. Han hadde ein tyskar til hjelpes. Denne tyskaren hadde vore mykje på jarnvegsarbeid i Russland, og var heller glad i det våte. Løni var mat og skjenk. »Eg mao ha nuku brennevin te min tyske sprækendeser«, sa gjerne Per når han kom på bui, »so mykje eg kann fao 'an te arbaia«. Torskehovudi fekk Per ofte for inkje. Dei hovudi som fabrikkjen ikkje kunne taka imot med same, grov han ned i ei fonn ved strandi. Då det lei på, tina fonna, og hovudi for i sjøen og rak bort. Så det vart heller liti vinning dette året.

»Ha du Lister-baoten din ændao?« spurde ein hardingskipper honom eit bel etter. »Nai, eg ha kvitta meg mæ an. Da va ain skarvu baot; da va ain trave te baot; han vilde drepa meg«, sa Per. — Han låg på hamni ved Målsnes i Malangen ein jolaftan og skulle steikja seg reinsbiff. Han var eismal på Lister-båten då, og han låg i han om nettene, i ei lyfting framme. Per stod med steikjepanna i handi, og steiki var om lag ferdig. Då kom det ei kasteflage og hivde båten rundt. Han laut hiva pan-

na og symja inn mot strandi. Men då han var komen til lands, stoð kleði på kroppen; det var så galdt.

**Siste leveår heime i Hardanger.** Kona flytte heim til Grimo alt i 1873; ho tolde kje verlaget der nord. Så fylgde ho ein skylding, Trond Trondsson Tveit, til Kristiansund, så einmbåt derifrå til Bergen, og så bar det med »Hardangeren« heim. Ho budde hjå Gunnar i Grimo dei fyrste åri. Sidan sette Per seg opp ei liti stove, ein mole innom Roi. Indre Djonno let han få tømmer. Han var heime av og til no frametter, og i 1888 kom han heim for godt. Gamle »Hardangeren« flagga og skaut til ære for den gamle veteranen.

Så fekk kona slag. Ho kom seg noko, og budde ihop med mannen endå nokre år. Så vart ho heller verre. Dotter hennar (Berta), som var skreddar, tok henne då ut til Kvam. Eit par år etter slokna ho. Ingebjørg Rinden, ei gamal gjente frå Huse, stelte no i huset for Per.

Han nutla helst med fisking og elles ymist som kunne føre falla. Ofte låg han ute på fjorden og seia. — Ein dag kom det ei vindbrose og kasta om båten hans. Per sumde i land i full sjøhyre. Sidan gjekk han opp til Jakob i Nes. »Du fær væ mæ å berga baoten min, du«, sa han, »han æ komen i drift utpao fjo'ren«. Om kor det te hadde bore, nemnde han 'kje ordet. Av og til gjorde han ferder ikring på gardane og kjøpte opp solevever, som han selde i byen. Men tankane og hugen var jamleg på Ishavet, og i lag og lyd kunne han gjerne fortelja om ferdene sine. »Da sku ha vo gjildt å gjort ai fér te Svalbar, so du ha rødt so mykje um«, sa Sjurd Børve med honom ein dag. Per var då ikring dei åtti. »Ja, kann me kje laiga aoko ai skuta å raisa?« svara han. Og mang ein gong sa han: »Eg sku ynskja at bai'næ mine fekk kvila pao Spitsbergen«.

Ein dag hadde han ei ærend til handelsmannen. Det hadde kome frost etter lævér, og vegen var gletten. Då rauk han enda, Per, og braut mjødmabeinet. Han vart liggjande eit heilt bel i ei pøyle. Folk fekk han til sengs, men han kom aldri opp att. Han slokna den 24. oktober 1912.

Når ein tenkjer på Per Kvale, stig det fram for tan-



ken eit bilete av ein mann som er skoren etter store mål, ein mann som heilt sprengrer råma for ein melungs sjømann, ein sterk mann med så stort vågemod og så ofseleg dådstrongt at han minner om dei gamle vikingane. Ein mann som kunne ha gjort endå større verk om tilhøvi hadde lege betre til rettes for honom.

**Halldor O. Opedal.**

Munnlege kjeldor: Halldor Aga, Berta Børve (Kvam), Birge Børve (Ullensv.), Sjur Børve (Kvam), Jyrund Jåstad, Jøn Mæland (Kinsarvik), Ingebjørg Tveit (Kinsarvik), Arnfinn Ulsnes og Johs. Ystanes.

---

## Fru Adelus Kruckow og Øystesegarden.

*Av Olav Kolltveit.*

Sokneprest Olafsen har i »Hardanger« 1919 eit stykke: »Hvem var fru Alis i Øystese?« Han tek for seg bygdeseigna om den rike og mektige »Fru Alis« på Øystese og held segna saman med eit gamalt diplom han har funne i avskrift om ein marksteinsforretning 19.—6. 1598 mellom eigarane av Øvre og Nedre Vik på den eine sida og eigaren av Øystese fru Adelus til ..... (garden ho skriv seg »til« er utelaten, om det er avskrivarane som ikkje har greitt tyda namnet eller om det står ope i originalen er uvisst, truleg det siste) og hennar medeigarar på den andre,

Olafsen gissar i det nemnde stykket på at det må vera Adelus Tronds dtr. Benkestok (ca. 1430—1607), gift med Christopher Eriksen (Bernhoff) til Hanger på Lista. I eit etterord nemner han at det kanskje er ei onnr dame, Adelus Kruckow. I boka »Kvam« held han og på Adelus Kruckow, men kjem i skade for å nemna henne »Kristoffer Eriksens efterleverske« (s. 834).

No kan det vera eit lite spørsmål om det er den eine eller andre av desse to damene, ingen har etterkomarar i bygda. Men når det ein gong er reist, kan det vera freistande å koma til eit endeleg resultat. Dinæst kan det kasta noko ljøs over eigedomstilhøva på denne store garden før 1600.

Det synest med ein gong rart om Adelus Benkestok, som åtte det store Hanangergodset på Lista, i ein alder av ikring 70 år skulle vildra seg inn i Hardanger, der det aldri har vore gods som tilhørde Hananger-komplekset. Olafsen peikar på at ho kan heller ikkje ha arva Øystese etter far sin, Trond Benkestok, sidan garden ikkje er nemnd i skiftebrevet hans i 1570. Mogeleg kan det vera morsarv som ho har fått seinare, gissar han på. Men han har då ikkje vore merksam på at mora (Anna Hår) døydde i 1569, og det er i grunnen skifte etter båe foreldra dei heldt i 1570.

Adelus Benkestok kan ein difor setja heilt utanfor. Det er berre namnet Adelus som passar.

Det neste spørsmålet blir då om »fru Alis« er identisk med hustru Adelus Kruckow til Gjersvik på Tysnes. Slekta Kruckow har vi hatt svært lite kjennskap til, og det ein har »visst« var ofte gale, før N. Stene og H. Sollied tok henne opp til grundig drøfting i eitpar avhandlingar i Norsk Slegtshistorisk Tidsskrift III. b. Og mesteparten av mine opplysingar har eg derifrå.

Kruckowane er av gamal pommersk adel, nemnde alt i 1285. Den fyrste på norsk grunn er Hans Kruckow som var norsk riksråd 1442. Men fast grunn til å stå på har vi fyrst med Johan Kruckow (og broren Hans) i fyrstninga av det 16. årh. Johan er f. ca. 1470—75 og skreiv seg »til Sørum«, men åtte visst og Kroken i Sogn, der ei grein av ætta hans seinare livde. Både han og broren er for det meste knytte til Vestlandet, der Johan hadde 5 skipreier i Sogn som forlening. Ved giftarmål blir han eller sonen eigar til storgarden Tjerne på Ringsaker som og er i ætta si eige eitpar slektledd.

Mellom døtrene til Johan Kruckow er vår Adelus; truleg oppkalla etter fyrste kona åt faren, Adelus (Rostvig). Det har vore påstade at Adelus Kruckow var gift

Henrik Gyntersberg. Men dette er ein heilt »apokryfisk person«, meiner Sollied. Han viser til herredagsdom i Bergen 14.—8. 1572, der velb. hustru Adelus Kruckow »til Gjerresvik, Niels Jonsøns efterleverske«, fører sak om garden Erisfjord på vegner av son sin og ho prøvar at det er odelsjorda hans. Sollied slår dinæst fast på overtydande vis at denne Nils Jonson må vera Nils Jonson Hår til Gjerresvik.

Hustru Adelus er ikkje ei som forsømer sine rettar. Ho går ustanselig att i rettsbøkene. I 1578 har ho ei sak for herredagen i Bergen om grensene mellom Bakke og Kleppsvik, i 1585 er saka om Erisfjord for herredagen, i 1593 let ho lagrettesmenn på Tysnes gå opp grensene mellom Håheim og Aarbakke og i 1599 mellom Håheim og Dalen. I 1599 fører ho og sak med brorsonen Jørgen Kruckow om retten til storgarden Tjerne. Det er tydeleg at hustru Adelus har vore på vakt om sine godsinteresser. Det var vel påkravt og, då mannen er død før 1572 og sonen ikr. 1580. Grensegangsforretningen mellom Øvre og Nedre Vik og Øystese i 1598 fell så heilt i stil med dei forretningane Adelus Kruckow hadde andre stader nettopp på den tid, at det kan ikkje vera tvil om at »fru Alis på Øystese«, alias velb. hustru Adelus til ....., og velb. hustru Adelus Kruckow til Gjerresvik e ein og same personen. I grensegangsforretningen mellom Håheim og Dalen i 1599 er ho titulert hustru Adelus til Østrem. Hadde vi kunna teke dette som forvengjing av Øystese, ville vi hatt svart på kvitt. Men det er »Østrem« (Austrheim) i Etne som er setegarden hennar etter skattelista 1597—98. Det syner iminsto at fru Adelus på sine gamle dagar ikkje har butt i Gjerresvik, og då Øystese var ein av dei største og beste gardane hennar, er det mykje truleg at ho har butt her og ei tid. Ho må vera død i høg alder straks etter 1600. På Øystese har dei like til gamletunet vart rive, påvist kva stova »fru Alis« hadde butt i.

Det som kan vera mest forvitneleg å vita, er korleis Adelus Kruckow er vorten eigar til Øystese. Ho har utan tvil ått dei ca. 5 laupar smør som seinare kom under Rosendal baroni. Olafsen er i det før nemnde styk-